

# ÅRSPLAN FOR HJELMELAND BARNEHAGE 2025/26

*«Det beste for barnet»*



## Innhald

Hjelmelandsbarnehagen.....	3
Felles visjon og verdiar.....	3
Utviklingsarbeid i Hjelmelandsbarnehagen.....	3
Hjelmelandsbarnehagen som miljøfyrtårn:.....	4
Om barnehagen.....	4
Toddler toppen.....	4
Nøtteskogen.....	5
Tema for barnehageåret 2025/26.....	6
«Meg i verden».....	6
«Saman om lesing».....	6
Barnehagen sitt formål og innhald.....	7
Omsorg.....	7
Leik.....	7
Danning.....	8
Læring.....	9
Vennskap og fellesskap.....	10
Kommunikasjon og språk.....	10
Progresjon.....	11
Medverknad.....	12
Barn si medverknad.....	12
Føresette si medverknad/ foreldresamarbeid.....	13
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	14
Planlegging.....	14
Dokumentasjon.....	14
Vurdering.....	14
Overgangar.....	15
Når barnet er ny i barnehagen.....	15
Overgangar i barnehagen.....	15
Overgangen mellom barnehage og skule/SFO.....	15

## Hjelmelandsbarnehagen

Barnehagane i Hjelmeland kommune går under fellesnemninga «Hjelmelandsbarnehagen».

### Felles visjon og verdier

Hjelmelandsbarnehagen sin felles visjon er «**DET BESTE FOR BARNET**».

Me ønskjer å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira eigne føresetnadar og utvikling.

Hjelmelandsbarnehagen sine felles verdier er «**respekt, omsorg og tryggleik**».

Me vil gjere barna trygge på seg sjølv og i samspel med andre, og vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling.

Vår visjon og våre verdier er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, føresette og medarbeidarar.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen sitt verdigrunnlag, som kjem fram i bhg.lova § 1 og i rammeplanen, skal verte formidla, praktisert og opplevd i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

### Utviklingsarbeid i Hjelmelandsbarnehagen

Hjelmelandsbarnehagen er med i regional kompetanseordning (REKOMP) i region Midt-Rogaland, i partnarsskap med Universitetet i Stavanger.

Felles satsingsområde barnehageåret 2025/26:

Satsingsområde (tema)	Innhald/ tiltak
<i>Vaksenrolla og personalet si relasjon- og samspelskompetanse i møte med alle barn</i>	- Barnehagebasert kompetanseutvikling knytta til satsingsområde - Lærande nettverk i partnarsskap (m/ Strand kommune, UiS, PPT) - Kurs for tilsette i Circle of Security (COS)/ tryggleikssirkelen. (Dette er eit rettleiingsprogram som kan hjelpe til med å forstå barnet betre, med fokus på vaksenrolla)
<i>Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis</i>	- Lærande nettverk/kjernenettverk (partnarsskap m/ UiS+PPT) - Spesialpedagogisk nettverk for hjelmelandsbarnehagen
<i>Leiarutvikling (leiing av kollektive refleksjons- og læringsprosessar/ barnehagebasert kompetanseutvikling)</i>	- Lærande nettverk i partnarsskap (m/ Strand kommune, UiS, PPT) - Regional barnehagelærarsamling (region Midt) - Rettleiing pedagogisk analyse (m/ leiargruppa i bhg) - Kollegaretleiing, erfaringsdeling og refleksjonar i barnehagen

### **Hjelmelandsbarnehagen som miljøfyrtårn:**

*Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, og barnehagen har ein viktig oppgåve i å fremme verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen, 2017)*

Alle barnehagane er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift. Dette inneber at dei har systematisk arbeid med miljøtiltak i arbeidskvardagen, og leverer årlege miljørapportar for si verksemd. Barnehagen skal og bidra til at barna forstår at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.



## **Om barnehagen**

Informasjon om barnehagen, samt praktisk informasjon, kan de finne på kommunen si [heimeside](#). Hjelmeland barnehage er ein kommunal barnehage, fordelt på to hus.

Konstituert Styrar: Siv Iren Moen Hausken, tlf. 40439190

Konstituert Ass. Styrar 40%: Hilde Pedersen Meland tlf. 40439195

### **Toddlertoppen**

Adresse: Ramsbu 9, 4130 Hjelmeland. 1-3 år, inneheld 3 avdelingar. Dette barnehageåret blir det 18 barn, fordelt på 2 avdelingar.

#### **Løvetann: tlf. 40439192, 9 barn**

Gro Merethe Viken Nouissri pedagogisk leiar 100%

Adrian Leziak, pedagogisk leiar 100%

Flona Khano, barne- og ungdomsarbeidar 100%

#### **Kvitveis: tlf. 40439193, 9 barn (pga. 2 opptak vil det starte barn også i januar)**

Sandra Vatland, pedagogisk leiar 80%

Khetam Alsaleh, assistent 100%

Andrea Bakk Bye, barnehagelærer 100%

Linn Aina Rosså, miljøterapeut 100%

Hilde Pedersen Meland, pedagogisk leiar 40%, vikar ass. styrar 40%

## **Nøtteskogen**

Adresse: Ramsbu 35, 4130 Hjelmeland. 3-6 år, inneheld 4 avdelingar. Dette barnehageåret blir det 33 barn, fordelt på to avdelingar.

### **Hasselnøtt tlf. 40439186, 17 barn**

Lene Skiftun, pedagogisk leiar 100%

Bjørn Olav Dale, barnehagelærer 100%

Therese Bergøy Mæland, barne- og ungdomsarbeider 80%

Kari Synnøve Vårvik barne- og ungdomsarbeidar 20%

### **Bøkehemsan tlf. 40439188, 16 barn**

Judith Bergøy, pedagogisk leiar 100%

Solveig Åsland Hetland, assistent 100%

Helga Havnerås spesialpedagog 100%

Mona Stuvik, barne- og ungdomsarbeidar 60%

Kari Synnøve Vårvik, helse fagarbeidar 40%

Torill Dale Byrja miljøterapeut 100%

## **Tema for barnehageåret 2025/26**

### **«Meg i verden»**

I løpet av året skal me i barnehagen jobbe med temaet "Meg i verden". Dette temaet gir oss moglegheit til å utforske barnas identitet, kropp, følelsar, kulturelt mangfald og vår plass i naturen og samfunnet. Gjennom varierte og leikbaserte aktivitetar vil barna få erfaringar med både seg sjølv, kvarandre og verden rundt oss.

Alle avdelingane i barnehagen vil i løpet av året jobbe med temaet men med ulikt innhald og tilnærming tilpassa barnas alder, interesser og utviklingsnivå.

De yngste barna vil utforske temaet gjennom nære og konkrete erfaringar med kroppen, sansane og nærmiljøet. De eldste barna vil i større grad møte begrep som mangfald, kultur og bærekraft – gjennom undring, samtaler og prosjekter.

På denne måten får barna en meiningsfull og alderstilpasset opplevelser av det å være "meg i verden", uansett hvor i barnehageløpet dei er.

### **«Saman om lesing»**

Med utgangspunkt i regjeringa sin leseyststrategi, «saman om lesing» vil me dette barnehageåret også ha fokus på å skape leseyst hos barna i Hjelmeland barnehage. Bakgrunnen for dette er at barn i skulen i dag har dårlegare leseferdigheiter enn før. Derfor tenker me at det er lurt å starte tidleg med å bygge ein sterkare kultur for lesing.

Me vil legge til rette for at barna har tilgang til bøker med ulike tema, for barna treng bøker til både leik og læring.

Målet er at dette skal være eit samarbeid mellom barnehagen, foreldra og biblioteket ein nyare undersøkelse rapporterte 33% av foreldra at dei sjeldan eller aldri les for barna.

Me håper å legge eit godt grunnlag for utvikling av gode leseferdigheiter i skulen.

«Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling»(rammeplanen). Me vil også ha samarbeid med biblioteket i samband med «tøyveskebiblioteket» les med meg! Det går ut på at du kan låne bøker frå biblioteket i ei tøyveske i barnehagen, og levere inn til barnehagen att. Sjå mål med språk og kommunikasjon s.10 og 11.

## Barnehagen sitt formål og innhald

### Omsorg

Jf. rammeplanen (2017):

- Omsorg er ein føresetnad for barna si tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik
- Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre
- Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for  
Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.
- Personalet skal ha fokus på det autoritative perspektivet i alle situasjonar saman med barna, gjennom barnehagedagen.

**Slik gjer me det hjå oss:**

Innhald	Mål	Metode
Omsorg	<ul style="list-style-type: none"><li>- Anerkjenne kjenslene til barnet</li><li>- Vaksne være bevisst på «haimusikken»</li><li>- Alle barn skal bli sett og høyr</li><li>- Være autoritativ i alle samspelssituasjonar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Observasjon og kartlegging av barn og vaksne</li></ul>

### Leik

Jf. rammeplanen (2017):

- Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal verte anerkjent
- Barnehagen skal ha eit fysisk miljø som støttar barna si utvikling og sosiale og språklege samhandling
- Barnehagen skal legge til rette for eit inkluderande miljø der alle barna kan oppleve glede og engasjement gjennom leik

### Slik gjer me det hjå oss:

Innhald	Mål	Metode
Leik	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gje barna felles erfaringar</li> <li>- Støtte barn i leiken på sine premisser</li> <li>- Vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken Oppleve glede, humor, spenning og engasjement aleine og saman med andre</li> <li>- Utvikle språkferdigheiter og leikekompetanse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilby ulike leikemateriell</li> <li>- Ulike typar leiker; f.eks. sangleiker, regelleiker osv..</li> <li>- Organisera rommet og legge til rette for ulike leiketema</li> <li>- Observasjon og refleksjon av samspelet i leiken Leik i små grupper</li> </ul>

### Danning

Jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna i å vere prøvande og nysgjerrig til omverda, og bidra til å leggje grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap
- Barnehagen skal fremme samhold og solidaritet samstundes som individuelle uttrykk og handlingar skal verte verdsett og følgd opp
- Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet, og fremme barnas tilhørsle til samfunnet, natur og kultur
- Barna skal få delta i prosessar ved avgjersler og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av

### Slik gjer me det hjå oss:

Innhald	Mål	Metode
Danning	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Støtte barnas engasjement og deltaking i fellesskapet</li> <li>- Følge opp barnas tankar, meiningar og handlingar.</li> <li>- Positivt fokus på mangfald og ulikskapar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samtale om at alle er like verdifulle i eit fellesskap</li> <li>- Øve på å uttrykke egne meiningar og kritisk tenking.</li> <li>- Øve på at ein ikkje alltid kan få det som ein vil.</li> </ul>



## Læring

Jf. rammeplanen (2017):

- Barna skal oppleve eit stimulerande og utforskande miljø som fremmer barns nysgjerrigheit og lærelyst
- Barnehagen skal sørge for utvikling og progresjon innanfor alle fagområda i rammeplanen
- Barnehagen skal støtte og berike barna sine initiativ og gje dei utfordringar og tiltru til egne evner

**Slik gjer me det hjå oss:**

Innhald	Mål	Metode
Læring	<ul style="list-style-type: none"><li>- Legge til rette for læring, som fremjar trivsel og allsidig utvikling</li><li>- Bli ein lærande organisasjon</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Leik</li><li>- Samtale og undring over ulike situasjonar. Fokus på læring i ulike aktivitetar</li></ul> <p>Kva kan me læra? Kva har me lært?</p>

## Vennskap og fellesskap

Jf. rammeplanen (2017):

- I barnehagen skal alle barn få oppleve seg sjølve som verdifulle, få vener og bidra i eit sosialt fellesskap
- Barna skal verte støtta i å sette eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- Barnehagen skal førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre

## Trygt og godt barnehagemiljø i hjelmelandsbarnehagen

Det er eit mål at alle barn skal ha det trygt og godt i barnehagen, og vere ein del av eit inkluderande barnehagemiljø. Det viktigaste arbeidet med dette skjer i barnehagekvardagen i lag med barna. Det er utarbeida ein felles plan for korleis barnehagane skal jobbe for å fremme eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygge mobbing og anna krenkande åtferd, samt korleis dei skal handtere dette (aktivitetsplikt). [Barnehagemiljø og mobbing - Hjelmeland kommune](#)

## Slik gjer me det hjå oss:

Innhald	Mål	Metode
Verdiane: Respekt, omsorg og trykkleik  Vennskap og fellesskap.	- Alle barn skal ha det trygt og godt i Hjelmeland barnehage	- Observasjon, refleksjon handling - Plan for trygt og godt barnehagemiljø

## Kommunikasjon og språk

Jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna sin bruk av språk som reiskap for å tenkje og gje uttrykk for eigne meiningar og kjensler
- Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen
- Barnehagen skal fange opp og støtte barn som treng ekstra støtte i si språkutvikling

### Slik gjer me det hjå oss:

Innhald	Mål	Metode
Språkutvikling Leseprosjekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skape interesse for språket, lære nye ord og stimulere til auka språkutvikling, gjennom bokprosjektet.</li> <li>- Skape leselyst.</li> <li>- Søkelys på gode samtaler om innhaldet i bøkene Skape gode relasjonar mellom vaksne og barn, og mellom barna.</li> <li>- Synleggjere kulturelt mangfald i bøkene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Progresjon i planlegginga</li> <li>- Lese bøker, fortelje eventyr</li> <li>- Song, rim og regler</li> <li>- Invitere til ulike typar samtaler der barn får lov til å fortelje og undre seg. F.eks. rundt måltidet, i påkledning og andre aktivitetar. -</li> <li>- Språk/leikegrupper</li> <li>- Spel og språkleiker</li> <li>- Jobbe systematisk ,med fokus på refleksjon.</li> <li>- Vurdering av språkmiljøet</li> <li>- Dramatisere innhaldet i utvalde bøker.</li> </ul>

### Progresjon

Alle barna i barnehagen har rett til å oppleve progresjon i barnehagen sitt innhald, og få utvikle seg, lære og oppleve framgang. Me i personalet skal leggje til rette for at barna møter varierte leiker, aktivitetar og læringsmoglegheiter. Barna skal få utfordringar tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Barna i barnehagen skal oppleve meistring, samstundes som dei møter utfordringar dei kan strekkje seg etter. Dei skal få nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. Me skal ha varierte leiker og material som sørger for at barna opplever progresjon.

## Medverknad

### Barn si medverknad

«Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. (...) Barnehagen skal være bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegge for medvirkning på måter som er tilpasset barnas alder, erfaringer, individuelle forutsetninger og behov. (...) Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet.» (Rammeplanen, 2017)

Kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, hørt og forstått av anerkjennende, tydelege og ansvarsfulle vaksne. Betydninga av dette kjem også fram når me snakkar om trygt og godt barnehagemiljø for alle barn i barnehagen.

### Våre tiltak for å sikre barn si medverknad:

- Engasjerte tilsette som lyttar og viser interesse for barna sine uttrykk
- Gje barna tid og rom slik at dei kan kome med sine tankar og betraktningar, og skape felles undring i lag
- God dialog med dei føresette om kva barna er oppteken av
- Barnesamtalar

I Hjelmeland barnehage er vi opptatt av at barnas opplevingar, følelsar og kroppslege signaler skal bli tatt på alvor. Det betyr at kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, hørt og forstått av anerkjennende, tydelege og ansvarsfulle vaksne.

Barns medverknad betyr ikkje at barna skal bestemme alt, men at deira interesser og meiningar skal bli hørt og tatt på alvor av personalet i barnehagen.

Det blir utført barnesamtalar med skulestarterane Barnesamtalar i mai ved overgang barnehageskule.

## Føresette si medverknad/ foreldresamarbeid

«Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene, jf. barnehageloven § 1 og § 4. Samarbeidet mellom hjemmet og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldrene og barnehagens personale har et felles ansvar for barnets trivsel og utvikling.» (Rammeplanen, 2017)

- Barnehagen legg til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette gjennom m.a. foreldresamtalar, foreldremøte, samarbeidsutval, dialog i dei daglege bringe- og hentesituasjonane og dialog omkring individuell tilrettelegging for enkeltbarn.

Foreldrerepresentantar 2025/26	Avdeling	År
Ranneig L. Frette	Bøkehemsan	1 år
Forslag: Line Rossemyr	Kvitveis	2 år
Lisa Sjursten Hauge	Hasselnøtt	1 år
Forslag: Åshild Øye	Løvetann	2 år

Representanter S.U	Vararepr.	År
Line SU leiar frå foreldra	Åshild Øye	1 år
Lisa Sjursten Hauge nestleiar frå foreldra	Rannevig L. Frette	1 år
Adrian	Andrea	2 år
Bjørn Olav	Kari	1 år
Politisk observatør	Vara	
Ståle Halsne	Arthur Fjellheim Egeland	2 år

## Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen skal planlegge, dokumentere og vurdere det pedagogiske arbeidet. Barn og føresette har rett til medverknad i desse prosessane.

### Planlegging

*«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planleggingen skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppen. Planleggingen synliggjør hvordan barnehagen fortolker og realiserer rammeplanen og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av virksomheten.»* (Rammeplanen, 2017) • Personalet planlegg det pedagogiske arbeidet gjennom periodeplanar (vekeplan, månadsplan) og årsplan. Periodeplanar vert delt med dei føresette via barnehagen sin kommunikasjonskanal. Nokre periodeplanar vert og hengt opp i barnehagen. Årsplanen vert gjort tilgjengeleg for føresette og andre interesserte på heimesida til kommunen.

### Dokumentasjon

*«Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen, og om hvordan barnehagen oppfyller kravene i barnehageloven og rammeplanen.»* (Rammeplanen, 2017)

- Det pedagogiske arbeidet vert m.a. dokumentert gjennom vår kommunikasjonskanal IST, gjennom vekeplan/månadsbrev/ dagsrapport, bilete, ulike oppslag og barnas kreative uttrykk som vert hengt opp i barnehagen.

### Vurdering

*«Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. (...) Felles refleksjoner over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet et utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring, (...) og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk virksomhet.»* (Rammeplanen, 2017)

- Me vurderer og reflekterer over det pedagogiske arbeidet i ulike møter og utviklingstid gjennom året, og evaluerer årsplanen. Me tek med oss synspunkt frå føresette gjennom samarbeidsutvalet, foreldreundersøkinga og foreldresamtalar.

## Overgangar

### Når barnet er ny i barnehagen

*Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. (Rammeplanen, 2017)*

Oppstart og tilvenning er ei spennande tid for barnet, føresette og personale i barnehagen. Me ynskjer å skape ein trygg start for barnet og bruke god tid på å bli kjent. Me ynskjer føresette og barn velkommen på besøk i god tid før oppstart, slik at dei blir kjent med barnehagen før tilvenninga startar. Barnehagen er opptatt av barnas individuelle behov for tilvenning, og samarbeider tett med foreldre om kva deira behov er. Me råder sterkt at barn har minimum 5 dagar med tilvenning. Små barn har eit grunnleggjande behov for tryggleik, forutsigbarhet og stabilitet. Tilknytninga barnet får til personalet er heilt avgjerande for at barnet skal få ei god oppleving av barnehagelivet. Personalet har kurs i Trygghetssirkelen (COS-kurs) via helsestasjonen, som gir god kunnskap om tryggleik og tilknytning. Dette tilbys også til føresette.

### Overgangar i barnehagen

*Overgangar skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe. (Rammeplanen, 2017).*

I overgang frå liten til stor avdeling jobbar me ut frå ein plan om å trygge og forberede barn best mogleg på forandringane som skal skje. Me har tett samarbeid med den avdelinga barna skal begynne på, dei eldste barna på Toddllertoppen deltar på noko av opplegget til miniklubben (dei yngste i Nøtteskogen) på dagar med aldersinndelte grupper, og dei besøker Nøtteskogen ofte på våren. Me ser barnehagen som heilheit og vurderer gruppesamansetning i avgjersla over kva avdeling barna skal begynne på, samt vennskap som gir barna trygghet i ein slik overgang. Det skjer store endringar for barna i det dei begynner på stor avdeling, det er større barnegrupper og fleire barn pr ansett. Det vil vere meir barna må meistre sjølv, som på- og avkledning, smøre brødkive og halde handa til andre barn og gå sjølv på tur. Dette er ting småbarnsavdelingane skal jobbe med, men det trengs også ein innsats med sjølvstendighetstrening på heimebane i forkant av overgangen til stor avdeling.

### Overgangen mellom barnehage og skule/SFO

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning.» (Rammeplanen, 2017)*

Hjelmeland kommune har utarbeida ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO. Denne finn de på heimesida til kommunen: [Overgang barnehage - skule - Hjelmeland kommune](#)